

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
09.01.2024                      24/378- 1                      Hilde Johanne Svendsen

| Saknr. | Utval          | Møtedato   |
|--------|----------------|------------|
| 08/24  | Vestlandsrådet | 11.01.2024 |

## Ber om forlenga fleksibilitet i dispensasjonar frå kviletidskrav i beredskapssamband

**Vestlandsrådet 11.01.2024 - sak 08/24**

### Behandling

#### Vedtak:

Vestlandsrådet ber om at Sjøfartsdirektoratet utsett praksis av innskjerpa regelverk inntil vidare på denne nasjonale utfordringa. Fylkeskommunar, beredskapsaktørar og Sjøfartsdirektoratet treng tid for i fellesskap å finne fram til løysingar som sikrar at

- fylkeskommunane sine lovpålagte oppgåver kan løysast
- innbyggjarar og næringsliv er sikra pålitelege og føreseielege tenester
- beredskapsaktørar er sikra ein formålstenleg transport

Det er særleg viktig at innstramming av praksis for dispensasjonar blir slik at fylkeskommunane kan tilby ein stabil teneste for skoleelevar. Dette er ei lovpålagt oppgåve fylkeskommunane har, og som dei på det noverande tidspunkt ikkje får løyst ved beredskapshendingar. Omsynet til folk og næringslivet må og vege tungt. Det vil vere lite effektiv ressursbruk om fylkeskommunar ikkje lenger kan legge til rette for beredskapsaktørar, men må avvikle beredskapssamband for å sikre eigne lovpålagte tenester.

## **Innstilling:**

Vestlandsrådet ber om at Sjøfartsdirektoratet utsett praksis av innskjerpa regelverk inntil vidare på denne nasjonale utfordringa. Fylkeskommunar, beredskapsaktørar og Sjøfartsdirektoratet treng tid for i fellesskap å finne fram til løysingar som sikrar at

- fylkeskommunane sine lovpålagte oppgåver kan løysast
- innbyggjarar og næringsliv er sikra pålitelege og føreseielege tenester
- beredskapsaktørar er sikra ein formålstenleg transport

Det er særleg viktig at innstramming av praksis for dispensasjonar blir slik at fylkeskommunane kan tilby ein stabil teneste for skoleelevar. Dette er ei lovpålagt oppgåve fylkeskommunane har, og som dei på det noverande tidspunkt ikkje får løyst ved beredskapshendingar. Omsynet til folk og næringslivet må og vege tungt. Det vil vere lite effektiv ressursbruk om fylkeskommunar ikkje lenger kan legge til rette for beredskapsaktørar, men må avvikle beredskapssamband for å sikre eigne lovpålagte tenester.

## **Bakgrunn**

Kviletid er regulert gjennom Lov om skipssikkerhet (skipssikkerhetsloven) § 24. Forskrifta krev 10 timar kvile i ein kva som helst periode på 24 timar. Kviletida kan delast opp i to periodar, men ein av kvileperiodane skal minimum vere på 6 timar. I beskytta farvatn (fartsområde 1 og 2) kan Sjøfartsdirektoratet gi unntak frå 10-timars kravet, men gir ikkjelengre unntakfrå 6-timars kravet. Det er 6-timarskravet Sjøfartsdirektoratet tidlegare har gitt unntak for på dispensasjonssøknad, men som dei no strammar inn.

Den nasjonale problemstillinga er no at det er den lovpålagde skoleskyssen, pendlarar og næringsliv som blir ramma når det blir utløyyst beredskapstur på samband med beredskap. Fylkeskommunane har i sine kontraktar, på førespurnad frå beredskapsaktørar, opna for at beredskapsaktørar kan bestille turar i stengetida. Dette er dermed kontraktsfesta med operatør.

I denne saka tar vi for oss den praktiske løysinga for å sikre lovpålagt skoleskyss og folk og næringsliv sine behov. Kostnadssida blir å kome tilbake til i vidare diskusjonar om saka.

## Eidsdal–Linge – eit samband med mange beredskapsturar

I pressemelding og i informasjon til Fjord kommune, varsla Møre og Romsdal fylkeskommune/FRAM 4. januar at det på kort varsel kan bli innstillingar om morgonen i sambandet Eidsdal–Linge. FRAM har, på førespurnad frå Helse Møre og Romsdal, opna for at naudetatar kan rekvirere ferja i dette sambandet til beredskapsturar. Etter at Sjøfartsdirektoratet har stramma inn sin praksis for dispensasjonar frå kviletidskravet etter beredskapsturar, har ikkje operatøren Fjord1 mannskap til å betene ferja før 6 timar etter at siste beredskapstur er avslutta. Tidlegare vart det gitt dispensasjon frå kravet om 6 timars kviletid for fartøy i fartsområde 2 (beskytta farvatn) etter beredskapstur i kviletida, slik at fartøyet kunne følgje oppsett ruteplan, men Sjøfartsdirektoratet har no gitt Fjord1 avslag på søknaden om dispensasjon frå kviletidskrava.

Sambandet Eidsdal–Linge er særskilt ved at det var så mange som 83 beredskapsturar i 2023, anten for utrykking eller retur av ambulanse til utgangsposisjon. Av desse er 32 utrykkingsturar i kviletida til mannskapet, og mesteparten av desse igjen er helserelatert. Dette er ikkje berre ambulanseturar, men kan også vere føddande på veg til sjukehus i privatbil eller personar som er avhengig av å oppsøke legevakt i Ålesund utanfor opningstida til ferja. Brannpersonell, politi og straumselskap er døme på andre aktørar som kan utløyse beredskapstur.

Konsekvensane er store for lokalbefolkning, næringsliv og fylkeskommunen i vinterhalvåret når det berre er eit fartøy i sambandet. I periodar der fleire fartøy er i drift har operatør kommunisert at dei har ei mogeleg løysing.

### Beredskapssamband i Vestland

I Vestland er det fleire samband som har same problemstilling, men desse har færre beredskapsturar gjennom eit år enn det Eidsdal–Linge har. Det er likevel ei utfordring for dei som er avhengige av ferja, og rammar folk og næringsliv som er avhengige av ferje.

Fylkesordførar Jon Askeland i Vestland fylkeskommune sendte 19. oktober eit brev til sjøfartsdirektøren og bad om eit møte om saka. Brevet omtalte utfordringane som operatøren Norled kunne få i sambandet Fjeldberg–Synes–Utbjoa som følgje av mangel på dispensasjon . Utfordringane nemnt i brevet var knytt til endra skiftordning for mannskapet, og med det auka utfordring med å skaffe mannskap til sambandet.

### **Vurdering**

#### Beredskapstur natt til 8. januar for Eidsdal -Linge og påfølgande stengt samband morgonen etter

Natt til 8. januar oppstod situasjonen som var varsla i pressemeldinga veka før: Sambandet var ute på beredskapstur, og kunne ikkje starte på oppsett ruteplan før kl. 8 om morgonen. Då vart 6 avgangar på sambandet innstilt. Ordførar i Fjord kommune har varsla desse konsekvensane:

- Bussjåføren som skulle køyre skoleskyss på andre sida av fjorden kom seg ikkje over
- Busette i Eidsdal som arbeider innan pleie og omsorg kom seg ikkje på jobb

Ordføraren uttrykker at det framover er heilt uakseptabelt at det ikkje er mogleg å vere sikre på at ferja går når innbyggjarane har avtale om timar på sjukehus, eller der innbyggjarane skal rekke fly.

#### Løysing for å sikre det ordinære rutetilbodet i gjeldande ruteplanar

Fylkeskommunar er no i dialog med operatørane og beredskapsaktørar/naudetatar , og kvarandre, for å finne ei felles løysing på denne utfordringa. For å finne ei felles nasjonal løysing har fylkeskommunane, kommunar og beredskapsaktørar behov for betre tid til dialog med mellom anna operatørar, slik at ein kan finne gode og samfunnstenlege løysingar for beredskap som ikkje går utover gjennomføring av mellom anna lovpålagt skoleskyss, og som sikrar at folk kjem seg til og frå arbeid. Dei som er avhengige av beredskap kan også sjølv etablere egne

Løysingar som t.d. beredskap med båt eller desentraliserte tilbod som reduserer behov for beredskapsløysing til sjøs. Det er dei ulike løysingane som aktørane må diskutere.

Fylkeskommunane er ein viktig leverandør av transporttenester og vil sjølvsagt så langt som mogleg bidra til å sikre liv og helse når vi får førespurnad om det. Det er likevel eit faktum at det er store vanskar med rekruttering av mannskap til ferjedrifta langs heile kysten. På denne bakgrunn må det vere best mogleg rammevilkår knytt til mannskapsordningar slik at ein sikrar den totale transportevna på kysten.

Døme på framtidige løysingar kan vere:

- Fleire ambulansebåtar
  - Det løyser dei fleste oppdraga, men vi kan likevel får innstillingar som følgje av at andre beredskapsaktørar må be om beredskapstur i stengetida. Alternativt at ambulansebåten også bidreg ved andre hendingar.
- Passasjerbåt med plass til båre
- Auka bruk av helikopter
- Endra skiftordning for mannskap om bord
  - Operatørar seier at det er krevjande med tilpassingar når mange av mannskapet pendlar langt, og at kviletida blir betydeleg forringa med auka tid til pendling til og frå stasjoningsstad
- Halde fram med fleksibel praksis for dispensasjonar frå kviletidskrav ved beredskapsturar på ferje og båt

Løysingar med ambulansebåtar og passasjerbåtar vil venteleg ha betydelege kostnader for dei aktørane som er ansvarleg for beredskap.

### **Økonomiske konsekvensar**

I denne saka tar vi for oss den praktiske løysinga for å sikre lovpålagt skoleskyss og folk og næringslivsine behov. Kostnadssida blir å kome tilbake til i vidare diskusjonar om saka.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør